

Vedlegg 2: Samfunnsanalyse 1945-2023

Vedlegg 2: Samfunnsanalyse 1945-2023	1
Innleiing	2
Befolkningsutvikling	2
Samferdsel, transport og skipsfart	2
Landbruk (jordbruk, skogbruk).....	4
Fiske, fangst og havbruk	5
Industri (bergverk, skipsbygging, maskiner, petroleum, metall, næringsmiddel, tekstil, trevarer, møbler).....	6
Reiseliv, overnatting og servering	10
Kraftutbygging og anna infrastruktur	11
Bygg- og bustadbransjen.....	11
Handel	12
Finans- og forsikring.....	12
Media- og kommunikasjon.....	13
Kunnskapsbaserte næringar (IKT m.m)	14
Anna tenesteyting (advokat, veterinær, revisjon, arkitekt og fotograf).....	14
Politikk og fagrørsbla.....	14
Natur- og miljøvern	15
Tru- og livssyn	16
Ideelle og humanitære verksemder (Humanitære- og sosiale organisasjonar og fråhaldsrørsbla).....	16
Mangfold- og inkludering.....	17
Idrett, fritid og kultur	18
Institusjonar	21

Innleiing

Denne samfunnsanalysen gjev ei kortfatta framstilling av sentrale utviklingstrekk i Vestland, med hovudvekt på etterkrigstida. Målet med historikken er å skildre breie samfunnsområde, som så vert kopla mot bestanden av bevarte privatarkiv. Det vil danne utgangspunkt for å avdekkje hol i den samla samfunnsdokumentasjonen, og såleis gje føringar for kva arkiv som bør bli prioritert i vernearbeidet.

Befolkningsutvikling

Det har vore ein tydeleg vekst i innbyggjartalet i Vestland etter 1945. I 1946 budde det 395 562 innbyggjarar i fylket og i 2019 hadde innbyggjartalet auka til 632 663 innbyggjarar. Befolkningsveksten var sterkest i gamle Hordaland. Her auka innbyggjartalet med 75 prosent i perioden frå 1946 til 2019. I gamle Sogn og Fjordane auka innbyggjartalet med 13 prosent i den same perioden. Befolkinga er i større grad enn tidlegare konsentrert til tettstader og tettbygde strøk. I snitt budde 81 prosent av befolkninga i Vestland i tettbygde strøk i 2022. Midthordland med Bergensområdet er det klare tyngdepunktet i Vestland sin busetting, med nesten 60 prosent av fylket sin befolkning i 2019. Sunnhordaland hadde 10 prosent av befolkninga i 2019 medan dei andre regionane hadde alt frå 3,5 prosent av befolkninga til 7,8 prosent av befolkninga. Sentraliseringa er venta å auke i dei kommande åra. Veksten vil vere størst i dei nest mest sentrale kommunane i fylket, typisk omlandskommunar og større regionsenter.

I perioden frå 2009 til 2019 auka innbyggjartalet i 30 av 43 kommunar i fylket. I Hordaland var veksten størst i Bergen og omlandskommunane, i kystkommunane i ytre del av Sunnhordland og Alver/Austrheim i Nordhordland. Nærskap til Bergen og industri knytt til oljeverksemda har vore viktig for veksten i desse delane av fylket. I Sogn og Fjordane var veksten størst i sentrale kommunar som Sunnfjord og Sogndal. Samtidig har innbyggjartalet i Hardanger, i enkelte kommunar i Nordhordland som Fedje og Vaksdal, i kommunane på nordsida av Sognefjorden sin ytre del (Solund, Hyllestad og Høyanger) og på sørsida av fjordens indre del (Vik, Lærdal og Årdal) gått tilbake.

Gjennom 2000-talet har innvandring sørga for ein høg folkevekst i fylket. I fleire kommunar har innvandring dempa noko av den negative trenden med fråflytting. Totalt var det 85 638 innvandrarar i Vestland i 2023. Det utgjorde 13,2 prosent av befolkninga. I Bergen var talet noko høgare. Her utgjorde innvandrarar 20 prosent av befolkninga i 2023. Arbeidsinnvandring var lenge den viktigaste årsaka til innvandringa i fylket, men dei siste tiåra har det kome fleire på bakgrunn av flukt og familiegjenforeining. Dei største innvandrargruppene i Vestland i 2023 var frå Polen, Litauen, Syria og Ukraina.

Samferdsel, transport og skipsfart

Samferdsel og transport

Vestland har eit variert landskap med høge fjell, djupe fjordar og ein oppstykka kyst. Dette landskapet har vore med på å forme fylket som ein sjøvend landsdel. Kommunikasjonen i fylket har tradisjonelt vore prega av eit lite utbygd vegnett med mange sjøvertse samband. I perioden frå 1870 til 1940 fekk Vestland eit meir finmaska nettverk av dampskipruter som dekka dei fleste øyar og fjordarmar i fylket. Bergen var det heilt dominerande knutepunktet for den lokale og regionale trafikken med passasjerar, last og post i Hordaland og Sogn og Fjordane. Dei to største distrikts-reiarane, *Sogn og Fjordanes Fylkesrederi Amtsbaatane* (seinare *Fylkesbåtane*) og *Hardanger Sunnhordlandske Dampsksipselskap*, fekk sine basar i Bergen. I 1950 hadde Bergen 34 prosent av landet sin lokalbåtfåte.

Gode kommunikasjonar var viktige i attreisingsarbeidet etter den andre verdskriga. Trass i at fjordane skar opp landskapet og gjorde det vanskeleg å få til eit godt vegsamband mellom nord og sør, byrja biltrafikken å auke på 1930-talet. Denne utviklinga

skaut fart på 1960-talet, som følgje av at rasjoneringa på personbilar vart oppheva. Rutebiltrafikken gjekk forbi jernbane og lokalbåt i offentleg transport i landsdelen mellom 1950 og 1970. I perioden frå 1947 til 1969 vart rutebiltrafikken mellom Bergen og dei omkringliggende kommunane firedobla. Ferjenettet vart ein berebjelke i utbygginga av det nye vegsambandet etter krigen.

Utbygginga av vegsambandet tok for alvor til i 1970-åra. Det vart bygd nye vegar, ferjekaiar og bruer for å knyte dei store øyane rundt Bergen til fastlandet. Ved å kople saman vegane med bruer og tunnelar ville det opne bygdene på ein heilt annan måte og gjere dei meir attraktiv for industrien. Sotrabrua vart ferdigstilt i 1971 og i 1992 opna Askøybrua. Vegsambandet mellom Bergen og Nordhordland og sørover til Stavanger vart også utbetra i denne perioden. I Nordhordland vart Austrheim knyta saman med Lindås gjennom bruer over Bakkastraumen, Kjelstraumen og Rønningen frå 1971. Sluttsteinen kom med Nordhordlandsbrua i 1994. Ein ny ytre veg sørover langs kysten frå Bergen til Haugesund vart bygd i 1960-åra. I tillegg vart ein ny ferjekaien på Halhjem i Os tatt i bruk i 1963, og i 1965 vart vegen på austsida av Stord frå Sandvikvåg til Leirvik fullført.

Fylkesbaatane måtte gi tapt i konkurransen om rutetrafikken etter krigen. I 1957 opna vegen over Vikafjellet. Dermed vart det konkurransen om passasjerane frå sørsida av Sognefjorden, som nå kunne velje buss til Voss og tog vidare til Bergen framfor rutebåten. Vegnettet i Sogn og Fjordane hadde lenge ein svært låg standard. I 1969 var over halvparten av riksvegnettet i Sogn og Fjordane grusdekke. Denne situasjonen betra seg på 1970-talet, og i 1980 vart dei fleste bygdene bundne saman av vear og ferjesamband. Dei lange tunnelane kom først i 1980- og 1990-åra.

I 1970 hadde persontransporten på vegane blitt totalt dominante. Den stod for 88 prosent av all persontransport og har halde seg på same nivå fram til i dag. Flytrafikken vart også like viktig som persontrafikken langs sjøvegen i denne perioden. Flyet dominerer i dag persontrafikken over lange avstandar. Flesland i Bergen er Noreg sin nest største flyplass målt etter tal passasjarar. Det har i tillegg blitt etablert flyplassar i Florø, Sogndal, Sandane, Førde og på Stord. Det meste av kyststrekninga i Vestland er dekket av hurtigbåtruter som går både nordover til Selje, inn i Sognefjorden, og sørover til Sunnhordland og Haugesund frå Bergen.

Skipsfart

Reiarmiljøet i Bergen hadde ei pionerrolle i overgangen frå segl til damp på slutten av 1800-talet. I 1890 var heile 79 prosent av Bergen sin skipstonnasjen dampdrive. Derimot var reiarmiljøet i Bergen prega av stagnasjon i mellomkrigstida. Under den ekstreme høgkonjunkturen som var under og like etter den første verdskriga, hadde bergenske reiarar inngått ein uforholdsmessig stor del av mange norske byggekontrakter med britiske verft. På grunn av stateleg intervensjon fekk ikkje verfta levere før 1920/21. Fraktratane hadde då falle til 1/3 av nivået før 1920. Kronekursen var også svekka i forhold til pundet. Då skipa endeleg vart levert hadde dei allereie blitt teknisk umoderne. Ytterlegare kom bergenske reiarar på etterskot i overgangen frå den gamle reiarstrukturen med eigenpartsreiarar til fleirpartsreiarar. Konsekvensane av dette var at Bergen sin skipstonnasje gjekk tilbake i mellomkrigstida medan byar som Oslo, Tønsberg og Sandefjord auka sin skipstonnasje.

Siste rest av den gamle flåte- og selskapsstrukturen vart sanert under skipsfartskrisen i 1950-åra. I mellomkrigstida hadde den hemma omstillingsevna i retning av store tankskip. I Bergen kom enkelte reiarar til å dominere kontraheringa av store tankskip etter 1950. Hilmar Reksten var ein av reiarane som hadde suksess med si satsing på

supertankarar. Reksten skaffa seg sitt første tankskip under krigen og disponerte halvparten av byen sin tanktonnasje i 1970. Det var fleire reiarar som bygde opp flåtar av «opne» bulkskip med sjølvlossande dekkskranar, særleg *Kristian Jebsens Rederi* og *Star Shipping*. Enkelte skipsreiarar valde å satse på fornying og spesialisering av småskipfarten. *Paal Wilson & Co. AS* som dreiv Norge-Rhinlinja var ein av småskipfartreiarane i Bergen.

Skipfarten er ein sektor som har hatt stor framgang dei siste tretti åra. Bergen sin andel av landet sin tonnasje auka frå 17 prosent i 1994 til 27,5 prosent i 2006. Dermed vart Bergen igjen Noreg sin største sjøfartsby for første gang sidan begynninga av 1900-talet. Bergensreiarane har tatt ein leiande posisjon når det gjelder eigarskap og drift av kjemikalietankar og bulkskip. Til dømes er *Odfjell SE* eit bergensk reiarselskap som er i verdstoppen innan transport og lagring av kjemikaliar. I 2007 var det 16 reiarar frå Bergen som omsette for meir enn ein milliard kroner.

Landbruk (jordbruk, skogbruk)

Jordbruk

Det tradisjonelle gardsbruket i Vestland har hatt ein allsidig produksjon som har vore tilpassa topografiske og klimatiske særtrekk. På 1800-talet byrja bøndene å produsere varar for ein større marknad. Vanskelege kommunikasjonar førte til at det vart etablert meierianlegg og slakteri i mange bygdesamfunn. Det meste av produksjonen vart selv nært produksjonsstaden. Det kom i gang ei stor omlegging av vestlandsjordbruket på 1950-talet då siloane for alvor vart tekne i bruk og traktorane avløyste hesten som trekkraft. I fjøset kom mjølkemaskina. Små bygdemeieri vart erstatta av større regionale meieri, samtidig som *Vestlandske Salslag* bygde store slakteri i fylket. Moderniseringa av jordbruket førte til at jordbruket klarte å auke produksjonsevna til tross for ein tilbakegang i talet på sysselsette i næringa.

Pelsdyrhald var ei viktig attåtnæring for bøndene i mellomkrigstida. Sogn og Fjordane var det nest største pelsdyrfylket i landet i denne perioden. Sølvreven var det dominerande pelsdyrslaget, men også blåreven vart mykje brukt. Kommunane som har hatt størst produksjon av pelsdyr er Gloppen, Stryn og Lærdal. Næringa er i dag under avvikling. I 2018 var det registrert 9 revegardarar i Sogn og Fjordane og 2 revegardar i Hordaland.

Utviklinga i jordbruket etter 1975 har vore prega av omfattande strukturromlegging i ein stadig meir globalisert marknadsøkonomi og eit politisk styrt landbruk. Nærmore halvparten av bruken som var i drift på 1960-talet blitt borte i løpet av den siste generasjonen. Nedlegginga av gardar og jordbruksland har vore særleg stort i pressområda rundt dei største byane og bygdene. Jordbruket på Vestlandet har i seinare tid vore prega av to utviklingstendensar. For det første er det mange bønder som har satsa på å utvikle nye næringar og marknader. Til dømes økologisk drift, produksjon av småskala gardsmat og sal frå gardsbutikkar. Andre har satsa på nye næringar basert på gardsrelaterte ressursar. Det kan vere reiseliv, overnatting og opplevelingstilbod. For det andre har mange bønder utvida produksjonen ved å overta drifta frå nedlagte grannebruk for å kunne ha ein meir effektiv produksjon.

I 2020 var det 5 857 jordbruksforetak i Vestland fylke. Dei største jordbrukskommunane i Vestland er Sunnfjord, Voss, Ullensvang og Gloppen.

Mjølkeproduksjon på ku utgjorde 50 prosent av det totale bruttoproduktet i fylket i 2020.

Deretter kjem sauehald og frukt og bær med høvesvis 17 prosent og 12 prosent av den

samla verdiskapinga. Det er mest sauehald i Alver, Sunnfjord og på Voss medan Ullensvang er den største fruktkommunen i landet. Bærproduksjonen i Vestland er i hovudsak konsentrert til Vik, Lærdal, Luster, Gloppen og Stryn.

Skogbruk

Skogbruk har aldri vore ei stor næring i Vestland. Lite av landarealet har vore under skoggrensa, noko som har gjort Vestland til eit skogfattig fylke. Likevel er det enkelte skogsgods i Indre Nordfjord og Indre Sogn som frå gammalt av har drive med skogbruk på furu. Forutan vanleg skogvyrke på furu, har fururøtene blitt brotne opp og nyttta til produksjon av tjøre og trekol som mellom anna vart godt betalt på marknaden i Bergen. På slutten av 1800-talet vart det sett i gang ei stor utplanting av gran i fylket. Tanken var at den raskt veksande grana skulle vere den nye ressursen og hovudnæringa til vestlandsbonden. Det vart av den grunn stifta ei rekke skogselskap og planteskular i denne perioden. Mellom anna vart *Bergens skog- og træplantningsselskap* stifta i 1866 og *Florø Træplantningsselskaber* vart oppretta i 1870.

Skogen og foredlinga av skogvirke var også viktig for etterkrigstidas strategiar. Ved hjelp av systematisk forsking og kommunale og statlege tiltak, så vel som private tiltak, skulle grunnen leggjast for eit effektivt og lønnsamt skogbruk. Skogreisinga skulle gje grunnlaget for ny industrireising i fylket. I 1951 vart det sett ned ein eigen komité for Vestlandet som skulle få fart på skogbruket i landsdelen. Resultatet vart *Vestlandske Skogseigarsamband* som bygde den første og einaste tremassefabrikken på Vestlandet i Vadheim i 1959. Den heitte *Vestlandske Treforedling AS* og skulle koke papirmasse på lauvtrevirke. Fabrikken sleit frå første stund og gjekk konkurs i 1971. Årsaka var at leveransen til fabrikken svikta, først og fremst fordi bøndene ikkje såg seg tent med å levere virke til dei prisane fabrikken kunne betale.

Avverking av skog utgjorde berre 4 prosent av landet **si** samla avverking i 2018. Likevel har skog som næringsverksemdu blitt viktigare det siste tiåret. I perioden frå 2010 til 2016 vart avverkinga i fylket tredobla. Om lag 90 prosent av skogen vert avverka for sal. Alver stod for 13 prosent av avverkinga i fylket i 2020. Ullensvang avverka 12 prosent medan Voss og Etne avverka om lag 10 prosent kvar. Når det gjelder skogbasert industri er dei fleste sysselsett innan tre- og trevareindustrien. Totalt arbeider det omkring 1 000 personar i tre- og trevareindustrien. Treforedlingsindustrien er liten og sysselsette berre åtte personar i 2020. Møbelindustrien sysselsette i underkant av 300 personar i 2020. Storparten av dei arbeidde i gamle Hordaland.

I 2008 gjekk skogeigarlaget i Sogn og Fjordane saman med skogeigarane i Hordaland og Rogaland i selskapet *Vestskog*. Selskapet fusjonerte med *AT Skog* (Agder og Telemark) i 2019.

Fiske, fangst og havbruk

Ved byrjinga av 1900-talet var fiske hovudsakeleg ei bygdenæring, men med stor økonomisk betydning. Dei ulike sesongfiskeria la grunnlaget for årssyklusen for svært mange hushaldningar heilt fram til 1960-åra. Det var fleire som kombinerte fiske med ei ikkje særlig intensiv gardsdrift. I perioden 1890/1900-1960 var vintersildfiske dominante, med svære fangstmengder, stor deltaking og omfattande ringverknader i tilverking og handelsledd. Fiskeria vart stort sett driven langs kysten av mange små sjølvstendige driftseiningar, der eigaren som regel arbeidde om bord.

Sild, saman med torsk, har vore ein av dei viktigaste fiskeartane langs kysten av Vestlandet. På Sør-Vestlandet var det eit eventyrleg vårsildfiske på begynninga av 1800-talet. Fisket rekrutterte deltakare frå eit vidt oppland, frå Mandal til Nordhordland, og frå dei ytste kystbygdene til Indre Hardanger. Vårsildfiske vart hovudsakleg drive med garn og landnot. I 1850-åra flytta silda seg lengre nord langs vestlandskysten. Silda tok til å sige inn langs havkanten i Sunnfjord og skapte grunnlaget for eit hektisk fiskeri i nokre tiår. Sunnfjordkysten hadde eitt av dei rikaste fiskeria som ein kjenner til i Noreg i perioden frå 1811 til 1873. Florø er tufta på dette fiskeriet. Den samla verknaden av vårsildfiske er vanskeleg å overdrive. Fiskeria baud på moglegheiter for bøkkarar, båt- og fartøybyggjarar, sildesalting og sildehandel. Vårsilda gav i tillegg store eksportinntekter for Noreg. På 1870-talet var det derimot slutt for vårsilda, både i nord og sør. Silda kom tilbake på 1900-talet og Vestlandet skulle på nytt få oppleve ei rik sildebolk fram til 1960.

Moderniseringa av fiskeflåten sørga for ein auke i fangstkapasiteten etter 1950. Ved å ta i bruk ringnot, ekkolodd, sonar og kjøletank kunne fiskarane dra lengre ut frå kysten for å fiske. Overgangen til kraftblokk i fiskeflåten fekk ei stor betydning for bruken av nye og meir effektive nøter på båtane. Behovet for mannskap minka også etter at kraftblokken vart tatt i bruk. Så godt som alle fiskefartøy hadde lagt om til den nye fangstmetoden i 1966. I 1967 hadde Austevoll kommune ein av landets største ringnotflåte. Den langvarige auka av vintersild fekk ein brå slutt i 1958, og i 1970 var dei heilt slutt. Sildebestanden vart så sterkt redusert at det vart innført eit forbod mot å fiske sild etter 1972. Derimot hadde fiskarane for lengst funne andre arter å fiske lengre ute frå kysten.

Fiskeoppdrett vart ei ekspansiv vekstnærings langs kysten etter 1970. I 2018 vart det seld oppdrettsfisk, hovudsakleg laks og regnbogeaure, til ein førstehandsverdi av 14,7 milliardar kroner. Næringa har ført til knoppskyting i elektronikkbransjen, mekaniske verkstadar og konsulentarbeid på fleire felt, dykkarfirma o.l. Dei største oppdrettskommunane i fylket er Austevoll og Kvinnherad. Den sentrale administrasjonen til fleire sjømatbedrifter har blitt lagt til Bergen. Det gjelder for *Mowi*, *Lerøy Seafood Group* og *Grieg Seafood*. Utviklinga av oppdrettsnæringen har skjedd i samspel med forskingsbaserte kunnskapsmiljø i blant anna Bergen.

Fiske og havbruk utgjer framleis eit viktig bidrag i sysselsetjinga i fylket. Vestland hadde den tredje største sysselsettinga blant fiskeria i landet i 2021. Totalt var det sysselsett 3 172 personar i 2021. Det var sysselsett 1 843 personar direkte i fiskeria og 1 329 indirekte. Bergen hadde den største sysselsettinga på til saman 714 personar, som følgje av dei indirekte sysselsetjingseffektane som sprang ut frå fiskeria i 2021. I havbruksnæringen var det 2 151 personar som arbeida med oppdrett av fisk i Vestland i 2019.

Industri (bergverk, skipsbygging, maskiner, petroleum, metall, næringsmiddel, tekstil, trevarer, møblar) Vestland er eit av dei viktigaste industrifylka i landet målt etter sysselsetting. Industrien i fylket har ein klar hovudvekt på verkstadindustri (maskin, metallvarar og skip og boreplattformer) med 52 prosent av den samla industrisysselsettinga i 2017. I tillegg er næringsmiddelindustri og jern- og metallindustrien andre viktige industribransjar med høvesvis 19 og 7 prosent av sysselsetjinga. Vestland har også den største sysselsetting i petroleumsnæringsa og petroleumsrelaterte næringar etter Rogaland. Vestland sin andel av arbeidsplassane i petroleumsnæringsa utgjer kring 25 prosent av sysselsettinga på landsbasis. Denne næringa betyr mest sør i Sunnhordland, nord i Nordhordland og i Øygarden kommune.

Bergverk

Det har gjennom fleire hundre år blitt drive ut jern, koppar, nikkel, bly, svovelkis, sølv og gull i Vestland, først og fremst i gamle Hordaland.

Eit av dei mest vellukka bergverksføretaka i fylket var *Stordø Kisgruber* på Stord som vann ut svovelkis i perioden frå 1907 til 1968. På det meste hadde verksemda 40 tilsette. I Nærøydalen i Aurland finn ein førekommstar av anortositt som kan brukast til å framstille aluminium. Utvinning av anortositt kom først i gang under okkupasjonen på 1940-talet. I 2001 gjekk Aurland kommune, to grunneigarar frå Gudvangen og ein grunneigar frå Voss saman om å skipe selskapet *Luna Mineral AS* for å få kontroll over ei eventuell framtidig stordrift. I 2005 vart det teke ut nær 200 000 tonn stein som vart eksportert til Storbritannia, Tyskland og Sverige. Der vart mineralet nytta til mellom anna framstilling av isolasjonsmaterialet steinull.

Med utgangspunkt i tal frå einingsregisteret er det i dag 89 bedrifter knyt til bergverksdrift i fylket. Flesteparten av desse bedriftene driver med utvinning frå grus- og sandtak, og utvinning av leire og kaolin.

Verkstadindustri (*Skipscopygging og maskinar*)

Verkstadindustrien i Vestland vart etablert i andre halvdel av 1800-talet. Dei største mekaniske verkstadane voks fram i Bergensområdet. Ein av desse verkstadene var *Laxevaag Værk*. *Laxevaag Værk* vart etablert i 1855 og laga både jernomnar og støypegods til skipsbyggingsindustrien. Frå slutten av 1860-åra vart det lagt til rette for produksjon av dampmaskiner og pumper ved verkstaden. Likevel var det først etter at *Laxevaag Værk* byrja å produsere dampskip av jern/stål at bransjen fekk ei stor betydning for sysselsettinga i Bergen og omland. I 1884 hadde *Laxevaag Værk* blitt Noregs første store skipsverft med rundt 1 000 tilsette. Lengre sør i fylket voks det fram store treskipscopyggeri, som følgje av Nordlandsfarten. Eksemplar på dette er *Skaalurens Skipscopyggeri* i Rosendal og *Ottesens Skipscopyggeri* på Stord som bygget fiskebåtar og jekter til blant anna sildefiske. Motoriseringa av fiskeflåten på 1900-talet resulterte i etablering av verkstader for montering, men også mange tilfelle for produksjon av motorar. Ein av dei var *Wichmann motorfabrikk* som vart grunnlagt på Bømlo i 1903 og var i drift til 1978.

Frå fredsslutninga og fram til midten av 1970-åra kom skipsbyggingsindustrien til å ta ein framskott posisjon i industribiletet. I denne perioden makta nemleg skipsbyggingsindustrien å delta i konkurransen om å erstatte krigstapa og den vidare utbygginga av den norske handelsflåten. Dessutan klarte verfta å få ein fot innanfor den internasjonale marknaden. Bergensområdet var framleis eit av tyngdepunkta i den vestnorsk skipsbyggingsindustri etter den andre verdskrigen, men nå med *Bergen Mekaniske Verkstad* (BMV) som kjernebedrift. Etter at BMV kom med i Aker-gruppa på 1960-talet, vart bygging av seksjonar til supertankar på *Stord Verft* ein viktig syssel. BMV utvika også sin eigen dieselmotor og vart den største produsenten for hjelpermotorar i Skandinavia. Målt ut i frå arbeidsplassar var BMV det største verftet i landet på 1970-talet. Frå 1949 til 1973 vart arbeidsstokken fordobra frå 1 500 til 3 000 tilsette. Oljekrisen i 1973 ramma BMV hardt og verftet gjekk inn i ei krisetid etter 1975. AS *Stord Verft*, seinare *Aker Stord*, er eit anna stort skipsverft i Vestland. Verftet hadde sitt utspring i reparasjonsavdelinga til den gamle sildeoljefabrikken på Stord. Etter den andre verdskrigen valte verftet å satse på å bygge store tankskip, i tillegg til å forsyne den nye oljeindustrien med dekk og utstyr til plattformene.

I dag finn vi viktige større og mindre skipsverft i Floppen, Hyllestad, Austrheim og på Stord. Dersom ein reknar med alle produsentane av skipsutstyr som motorar, vinsjar, kraner og pumper, ser ein at skipsbygging har vore ein av dei største og viktigaste bransjene innanfor vestlandsindustrien.

Petroleum

Vestland kom for alvor med i oljeeventyret i 1970- og 1980-åra. Det vart mellom anna starta opp ein oljeforsyningsbase på Ågotnes i Øygarden i 1973 og eit raffinerianlegg på Mongstad i Lindås i 1975. Lenger nord vart det oppretta ein forsyningsbase i Florø i 1985. I Bergen etablerte dei store oljeselskapa seg i kontor på Sandsli i 1980-åra, og næringa gav opphav til ei mengd mindre verksemder innanfor ingeniørfag, konsulentverksemd osv. Tidleg i 1990-åra var det 3 000 oljerelaterte arbeidsplassar i Sandsli/Kokstad-området. Oljenæringa i regionen har vore i sterk vekst gjennom 1990- og 2000-talet, og aktiviteten har vore ei drivkraft for veksten i industrimiljøet på heile Vestlandet. Næringa har hatt innverknad langt utover dei arbeidsplassane som til kvar tid er kytt til ho. Ho har koplingar til relaterte verksemder innanfor område som finans- og forsikring, informasjon- og kommunikasjonsteknologi og maritime tenester. I tillegg gjev næringa grunnlag for mange arbeidsplassar innan høgare utdanning, forsking og utvikling, hovudsakeleg i Bergen.

Sysselsetjinga i oljeindustrien gjekk opp frå 7 341 arbeidsplassar i 1983 til 16 777 arbeidsplassar i 2003. I 2020 hadde sysselsetjinga gått ned til 13 220. Næringa utgjorde 55,5 prosent av Vestland sin nasjonale vareeksport i 2019.

Næringsmiddelindustrien

Næringsmiddelindustrien voks fram på slutten av 1800-talet då jordbruksbyrja å produsere varar til ein større marknad. I Bergensområdet vart det satsa på omarbeiding av råvarer frå jordbrukskjønnet gjennom oppretting av både ostefabrikkar, bakeri og bryggeri. *O. Kavli AS, Baker Brun og Hansa Bryggeri* er døme på næringsmiddelbedrifter som vart grunnlagt på slutten av 1800-talet, og som framleis er i drift i dag. Produksjonen til *O. Kavli* og *Hansa* har i løpet av dei siste tiåra blitt flytta ut frå byen, men hovudkontora har blitt værande i Bergen. I Luster vart *Lerum AS* oppretta i 1907, og selskapet foredla bær til diverse hushaldningsprodukt. Selskapet held i dag til i Sogndal. I ein marknad med stadig større konkurransen er det i all hovudsak spesialistar som *O. Kavli AS* og *Lerum AS* som har klart seg.

Dei store mengda med sild som vart fiska opp i perioden 1890/1900-1960 stimulerte til oppretting av fleire hermetikk- og sildeoljefabrikkar på 1900-talet. Å ta unna all silda var ei utfordring som satt fart i folk. I følgje *Norsk Næringsliv* var det 79 hermetikkfabrikkar i Hordaland og 16 hermetikkfabrikkar i Sogn og fjordane ved begynninga av 1950-talet. Dei fleste fabrikkane vart lagt ned på 1960- og 1970-talet, som følgje av mangel på tilføring av tilstrekkeleg råstoff etter at silda forsvann i 1950-åra.

Til tross for tilbakegangen i hermetikkindustrien har omarbeiding av fisk held fram med å vere ein viktig industri langs kysten. I 2020 var det sysselsett 5 223 personar i næringsmiddelindustrien. Av den samla sysselsetjinga var 66 prosent sysselsette i kommunane i gamle Hordaland og 34 prosent var sysselsette i kommunane i gamle Sogn og Fjordane. Eit fleirtal av dei sysselsette arbeidde med konservering og foredling av fisk, skaldyr og blautdyr. I følgje einingsregisteret er fleire av bedriftene som driv med

konservering og foredling av fisk, skaldyr og blautdyr lokalisert i Øygarden kommune og Kinn kommune.

Jern- og metallindustri

Jern- og metallindustrien omfattar hovudsakeleg dei tradisjonsrike hjørnesteinsbedriftene i Odda, Tyssedalen, Husnes, Ålvik, Årdal, Høyanger og Svelgen. Det var vassfalla som gav Vestland moglegheit til å utvikle storindustri knytt til produksjon av metall. Energitap ved overføring over lengre avstandar ført til at industrien vart lokalisiert nær kraftkjelda.

Dermed vart det skapt nye einsidige industristadar der det knapt budde folk tidlegare. Ein av dei første fabrikkane i jern- og metallindustrien vart grunnlagt i Stongfjorden av *British Aluminium Company* (BACO) i 1908. Derimot var krafttilgangen for beskjeden til at det kunne bli ei stor bedrift. Det var andre dimensjonar over det som føregjekk i Ullensvang.

Kraftselskapet AS *Tyssefaldene* byrja med ein storstilt utbygging i Tyssedal i 1906.

Selskapet leverte kraft til *Alby United Factories Ltd* som hadde planer om karbidproduksjon i Odda. I Tyssedalen vart det forsøkt å opprette forskjellege typar industri, men det var først etter at *Det Norske Nitridaselskapet (DNN)* sette i gang produksjon av aluminium i 1916 at Tyssedalen fekk ein varig verksemد. Også i Høyanger, Ålvik og Svelgen vart det bygga ut kraftanlegg for produksjon av metall.

Etterspørsel etter aluminium auka etter den andre verdskrigen. Før den andre verdskrigen hadde Noregs samla produksjon berre nådd 31 000 tonn aluminium i året. I 1963 var produksjonen på 219 000 tonn. Her ruva dei to anlegga til Årdal og Sunndal Verk mest. I tillegg vart kapasiteten i Tyssedal og Høyanger utvida.

I nyare tid har dei einsidige industristadene møtt på større utfordringar. Styresmaktene vil ikkje lenger tilby industriverksemđene så rimeleg energi som dei har hatt til no.

Samstundes vert det stilt strengare krav til miljøtiltak, og verksemđene må investere i ny teknologi for å redusere forureiningane. *Bremanger Smelteverk* i Svelgen er eit eksempel på ei kraftkrevjande industriverksemđ som har fornya produksjonen og tilpassa seg nye marknader. Smelteverket produserte opphavelig rujern, men dette gav ikkje lønnsam drift. I dag lager verket raffinerte metallprodukt innanfor ferrolegeringar, silisiummetall og microsilica. Tilpassinga til ein ny situasjon har hatt konsekvensar både for verksemđa og for lokalsamfunnet. Kring 1980 hadde smelteverket om lag 530 tilsette og bygda hadde 1 500 innbyggjarar. I 2005 hadde verket berre 140 tilsette og under 1 000 innbyggjarar. Ei slik nedbygging er typisk for den seinare utviklinga i mange av dei einsidige industrisamfunna i fylket.

Tekstil- og konfeksjonsbransjen

Det meste av den moderne tekstilindustrien fekk fotfeste i Bergen sitt omland allereie ved midten av 1800-talet. Peter Jebsen og Philip C. Clausen var sentrale i grunnlegginga av tekstilindustrien i Bergensområdet. Bransjen var i vekst fram til 1960-talet. Behovet for slike varer var så og seie utan grenser i etterkrigstida. Toppåret for tekstilbedriftene var i 1957. Produksjon var då på 80 prosent over førkrigsnivået. Deretter var produksjonen svakt fallande. Særleg dramatisk vart det for den omfattande tekstilindustrien i Bergen sitt omland. Den eine avdelinga etter den andre vart lagt ned, og mot slutten av 1990-åra var det berre eit trettitals personar som arbeidde med tekstilproduksjon i dei svære fabriklokala.

Konfeksjonsindustrien følgde eit liknande mønster. Nedlegginga var eit resultat av hardare konkurranse på verdsmarknaden og nye krav til teknologi og produkt. Det var

likevel nokon unntak. Ved *Dale Fabrikker* gjekk talet på tilsette tilbake på 1950-talet, men bedrifta vart ikkje nedlagt. Eit anna døme er konfeksjonsbransjen i Stryn som har blomstra i etterkrigstida til tross for ein hardare konkurranse på verdsmarknaden.¹

Sysselsetjinga i tekstilindustrien utgjorde 3 prosent av industrisysselsetjinga i 2017.

Møbel- og trevareindustri

Gjenreising og bustadbygging skapte grunnlag for ein ny ekspansjon i møbel- og trevareindustrien etter den andre verdskriga. Produksjon av trevarer og møblar har hatt størst betydning for kommunane i gamle Hordaland. I følgje *Det Norske Næringsliv* var det 190 møbelfabrikkar og verkstader i Hordaland ved begynninga av 1950-talet. Til samanlikning vart det registrert 67 møbelfabrikkar og verkstader i gamle Sogn og Fjordane. I 1972 var det tilsett 4 335 personar i møbelfabrikkane i dei fire Vestlandsfylka. Totalt arbeidde 1 076 av dei 4 335 personane i Hordaland, som var det nest største møbelfylket i landet. Fabrikkane låg hovudsakleg i Os, Kvam, Osterøy og Lindås. *Viken Møbelfabrikk* i Lindås hadde over 100 tilsette i 1960 og var ein av dei største møbelfabrikkane i fylket. Tidleg i 1970-åra kom omslaget i møbel- og trevareindustrien. Produksjonsnedgangen skuldast først og fremst auka konkurransen frå importmøblar.

Reiseliv, overnatting og servering

Gjennombrotet for turismen kom med den rutegåande dampskiptrafikken på 1850-talet, og var ei viktig inntektskjelde for mange bygdesamfunn. Mot slutten av 1800-talet hadde vestlandsfjordane vorte høgste feriemote blant velståande europearar. Etter kvart som det kom fleire turistar til fylket vart det eit behov for å utvide overnattingstilbodet. Det vart av den grunn bygd større hotell som erstatta dei gamle gjestgivarane og skysstasjonane. Dømer på dette er Kviknes Hotel i Balestrand (1877), Hotel Mundal i Fjærland (1891), Hotell Hardanger (1850) og Fleischers Hotel på Voss (1889). Det var i hovudsak lokale initiativtakarar som reiste desse hotella.

Vestlendingar fekk sesongsysselsetjing på hotella, men det var ikkje tale om heilårs arbeidsplassar. Investeringane i reiselivet førte heller ikkje til ein auke i folketalet i dei typiske reiselivsbygdene. Frå 1930-talet tok ei ny form for turisme til å utvikle seg, nemleg masseturismen for folk frå mellomklassene og etter kvart arbeidarklassen. Denne utviklinga hang saman med velstandsutviklinga og nye ferielover. Den andre verdskrig og gjenreisinga satt ein stoppe for denne utviklinga i eit par tiår, men sidan 1960 har det vore ein stødig vekst i talet på overnattingar ved norske hotell og andre overnattingsbedrifter.

Bergen er i dag det viktigaste turistmålet i fylket, deretter kjem Voss. Særleg er vinterturismen av betydning på Voss. Etter 1990 har det vore eit større innslag av cruiseturisme langs kysten, i Hardangerfjorden, og ikkje minst i Sognefjorden, særleg i utstikkarar som Nærøyfjorden og Lustrafjorden. Cruise- og flytrafikken til Bergen auka med 38 prosent i perioden frå 1994 til 2005. Dermed har også hotellkapasiteten blitt sterkt utvida. Kulturlivet blomstra i denne perioden og mange av institusjonen i Bergen auka sitt besøkstal. Ytterlegare har det vore ein sterk vekst i vinterturisme til Bergen. Statistisk Sentralbyrå sin statistikk for gjestedøgn på hotell i Bergen om vinteren viser at antal gjestedøgn auka frå 120 000 i 2016 til 220 000 i 2023.

¹ Dømer på konfeksjonsbedrifter i Stryn er: Riccovero, Skogstad Sport AS og Moods (tidlegare Moods of Norway).

Dei siste tjue åra har det blitt satsa meir på naturopplevingar i fleire kommunar i Vestland. Klimaendringane har også gjort Norge og Vestland til ein attraktiv «coolcation» destinasjon for folk frå varmare land.

Reiselivet i Vestland har den tredje største verdiskapinga av alle fylka i landet etter Oslo og Viken. Det var sysselsett 23 546 personar i reiselivsnæringa i 2019. Det utgjorde 6,9 prosent av den totale sysselseetinga i Vestland. Eit fleirtal av dei sysselsette arbeida innanfor servering og overnatting. Reiselivet vart hardt ramma av koronakrisa i åra 2020 til 2022, men har klart å hente seg inn igjen dei siste åra.

Kraftutbygging og anna infrastruktur

Vestland er det mest krafrike fylket i landet, både med omsyn til utbygd vasskraft og potensialet for ny vasskraftproduksjon. Den årlege produksjonen av vasskraft står for om lag 25 prosent av kraftproduksjonen i Noreg. Dei største kraftanlegga finn ein i Aurland, Eidfjord og på Voss. Det blir også produsert vindkraft i Vestland sjølv om kraftproduksjonen ikkje er så stor. I 2022 utgjorde produksjonen i Vestland 10 prosent av vindkraftproduksjonen i Noreg. Kinn og Fitjar har dei største vindparkane i fylket.

Utbygginga av vasskrafta i Vestland kom i gang på begynninga av 1900-talet. Vassfalla gav store mengder med elektrisk kraft og dermed også gode mogleheter for å utvikle storindustri i Vestland. Fossespekulantar i hopetal kom til Vestlandet for å gjere vatn til pengar. For å hindre at utanlandske kapitalkrefter kjøpte opp fallrettane, vart det bestemt i 1909 at ein måtte ha offentleg løyve for å erverve vassfall som produserte meir enn 1000 naturhestekrefter.

Dei første tiåra etter krigen var omsynet til elektrifiseringa å skaffe alle innbyggjarane tilgang på det grunnleggande velferdsgodet. Utover 1960-åra vart ønsket og trua på ny storindustri stadig viktigare. Det vart etter kvart tydlegare at utbygginga av vasskrafta ikkje førte til ein ny storindustri. Likevel gav dei store anlegga arbeidsplassar, bustadbygging og folkevekst for ein periode. Dei store kraftprosjekta endra topografiens og landskapet i fylket, med damanlegg og regulering av vassdrag, men også med nye vegar og kommunikasjoner, arbeidsplassar og ny busetnadsstruktur. Utbygginga av vasskrafta på 1970-talet førte til konfliktar, særleg i Sogn og Fjordane. Det gjeld til dømes ved utbygginga av Aurlandsdalen som vart satt i gang i 1970. Naturvernorganisasjonar ønska å verne vassdrag frå utbygging medan innbyggjarane og politikarene støtta utbygging av Aurlandsdalen.

I løpet av 2000-talet har det blitt bygget nokre vindkraftanlegg i fylket. Svært mange av anlegga er eigd av utanlandske selskap. I dei seinare åra har blitt stifta ein rekke lokale protestgrupper som ikkje ønsker vindkraftanlegg i sine nærområde. Til dømes vart *Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn* skipa i Sande i 2019.

Bygg- og bustadbransjen

Etter den andre verdskrigen var det bustadmangel og dermed eit behov for nye bustadar i fylket. I områda rundt Bergen vart det bygd fleire leilegheitskompleks utover 1950-talet. Bergen kommune var den største enkeltbyggherren. Kommunen bygde gjennom formelt sjølvstendige bustadselskap, men som vart kontrollert av kommunen. Blant dei andre byggherrane stod dei kooperative byggjelaga *BOB* og *Vestbo*. Dei kooperative byggjelaga var dei einaste private organisasjonane som tok mål å drive med permanent

bustadbygging, gjennom oppretting av stadig nye dotterlag. Likevel skjedde det alt overvegande av bustadbygginga med husbankfinansiering. Det vart også bygd fleire industribygg i fylket etter krigen. Berre i 1948 vart det bygd 8 nye industribygg i Bergen.

I følgje *Norsk Næringsliv* var det 270 entreprenørar, byggmestre og snekkarar i Hordaland i 1952. I Sogn og Fjordane var det 53 entreprenørar og byggemestre og 17 bygningssnikkarar og tømmermenn i 1953. I følgje tal frå einingsregisteret er det blant anna 787 snekkarar, 7 bustadbyggelag, 1 723 selskap som driv med utvikling og sal av eigendommar og 3 122 selskap som driv med oppføring av bygningar i Vestland i dag.

Handel

Som følgje av oppmjukinga av næringslivet på 1800-talet, og utbygginga av det sjøbunde rutenettet, forsvann den tradisjonelle Nordlandshandelen frå Bryggen i Bergen. I staden etablerte ulike detaljistar og importfirma seg i Nordlandshandelen sine lokale. Det var også ein betydeleg auke i talet på landhandlarar i fylket etter liberaliseringa av handelslovgivinga i 1842 og 1866. Ikkje-privilegerte landhandlarar tok dermed stadig over detaljhandelen i bygdene.

Bergen var lenge ei viktig hamn for import og eksport av fisk og fiskeprodukt, men har i etterkrigstida gått over til å bli eit omlastingssenter for heile Vestlandet. Bergen hadde 11 prosent av landet sin eksport før krigen, og i 1970 hadde den sokke til 7,5 prosent. Denne nedgangen vart knytt til endringar i den tradisjonsrike fiskevareeksporten. Vintersilda forsvann i 1950-åra og dermed forsvann også saltsild- og fersksildeksporten. Bergen sin andel av landet sin import endra også seg. I mellomkrigstida hadde Bergen 12 prosent av landet sin import, og på slutten av 1960-talet utgjorde innførselen av varar til Bergen berre 8 prosent av landet sin import.

Etter den andre verdskriga har handelsnæringa stort sett gått igjennom den same utviklinga i heile Noreg. Private grossistar og lokale landhandlarar har blitt erstatta av store kjøpesenter der kjedebutikkane dominerer. Det nye kommunikasjonsnettet, tufta på bilbruk, har vore avgjerande for denne utviklinga. Særleg i Bergensområdet flytta stadige fleire ut frå sentrum til omlandskommunane rundt Bergen. Dermed var det bygd ut større bustadfelt med tilhøyrande kjøpesentera. Mellom anna vart *Sletten shoppingcenter* opna i 1964 *Oasen* i Fyllingsdalen i 1971 og *Åsane Senter* opna i 1976. Ein uunngåeleg følgje av denne utviklinga var at småbutikkane døydde ut. Til dømes slaktarbutikken, fiskemannen osv. Daglegvaregiantane i kjøpesentera fekk store kvantumsrabattar på innkjøpa og kunne dermed sette ned utsalsprisen. Dei små butikkane klarte ikkje å konkurrere med daglegvaregiantane sine utsalsprisar og måtte etter kvart gi opp kampen.

Privat forbruk innanfor varehandelen har auka dei siste tjue åra. Den generelle velstandsauken blant befolkninga har ført til ein vriding i konsum frå basis til luksus. Samtidig er det eit auka fokus på eit meir berekraftig forbruk i form av bruktnarknadar. Det var tilsett 35 307 personar i varehandelen i Vestland i 2018.

Finans- og forsikring

I etterkrigstida har det føregått ein veksande konsentrasijsjon av banknæringa. Rundt om i fylket har lokale bankar fusjoner til større einingar. I Bergen ekspanderte *Bergen Privatbank* til ein landsomfattande bank gjennom oppkjøp og filialetableringar. *Bergen Privatbank* eigde i 1970 både *Bergens Kreditbank*, *Bergens Sparekasse*, *Vestlandsbanken* og *Bergens Skillingsbank*. Det var også ein knippe med større forsikringsselskap i Bergen som *Hygea*, *Vesta* og *Investa*. Totalt kontrollerte Bergen 22 prosent av forvaltningskapitalen til norske forretningsbankar i 1969, og var Noreg sin nest viktigaste

finansby etter Oslo. Bank- og finansnæringa hadde ein sterk vekst fram til 1990, men har deretter stagnert.

Etter liberaliseringa av banklovgivinga i 1980-åra har det vore naudsynt for bankane å ruste seg for internasjonal konkurranse. Fleire bankar har difor gått i fusjonar med forsikringsselskap. I tillegg har dei blitt eigarar i kapitalforvaltingsselskap, fondsmeklarselskap og eigedomsselskap. Bergen har i dag eit viktig miljø innanfor fondsforvaltning medan Sogn og Fjordane manglar eit sterkt kapitalforvaltningsmiljø.

Næringera er ikkje lenger så viktig som direkte sysselsetjingsmotor, men indirekte er denne næringa viktig ettersom kapital er eit naudsynt verkemiddel i all næringsutvikling. I 2018 var det sysselsett 6 651 personar innanfor bank- og finansnæringa i Vestland, 5 626 av dei var tilsett i Bergen.

Media- og kommunikasjon

På begynninga av 1900-talet vart det oppretta fleire lokalaviser i fylket: *Fjordingen*, *Hardanger Folkeblad* og *Firda Tidende* m.m. Dei fleste av desse avisene har gått over til å bli heildigital i løpet av det siste tiåret. Det har vore ein auke i talet på abonnement på nettavisene, samtidig som det er stadig færre som kjøper fysiske aviser. Mange av avisene har blitt ein del av større mediekonsern, men har klart å behalda sin lokale identitet. Ein dominerande medieaktør på Vestlandet er *Bergens Tidande* som eig delar av lokalaviser i fylket som: *Askøyværingen*, *Fanaposten* og *Vestnytt*.

Forlagsbransjen fekk gjennomslag i Bergen på slutten av 1800-talet. Det var fleire forlag med stor aktivitet i byen. Denne aktiviteten ebba ut like før den første verdskrigen. I mellomkrigstida var det berre eit forlag som gav ut bøker i ulike sjangrar. I staden kom det til nokon nisjeforlag med ein avgrensa målgruppe. I Bergen og Hordaland fantes det 15 forlag på 1950-talet. I Sogn og Fjordane var det 4 forlag. Det er i dag 262 forlag i som gir ut bøker, aviser eller tidsskrifter. Dei fleste selskapa er små med få tilsette og har kontor i Bergen.

På 1920-talet tok amatørar initiativ til å stifte *Bergens Radio-Amatør Klub*. Klubben var ein av pådrivarane då næringslivsinteresser stifta *Bergens Kringkastingsselskap AS* i 1926. Norsk kringkasting var desentralisert dei første åra, men i 1933 fusjonerte dei private selskapa til *Norsk Riksringkasting* (NRK) som fekk monopol på all kringkasting. I Bergen hadde det frå første stund blitt utvikla eit sjølvstendig programtilbod. Det var av den grunn at Bergen fekk halde på lokalsendaren fram til 1960-talet. Lokale radiosendingar vart igjen tillate i heile Noreg i 1981. Etter opphevinga av *Norsk Riksringkasting* sitt monopol vart det stifta ein rekke nærradioar i fylket. Til dømes vart *Radio Stryn* skipa i 1987, *Radio Stabben* i 1991, *Radio Askøy* i 1997 og *5000 Bergen* i 2020, i tillegg til ein rekke andre lokale radiostasjoner.

På Vestlandet er det gamle Hordaland som har gjort seg gjeldande innanfor radio og fjernsyn. Det er først og fremst eit resultat av etableringa av *TV2* i Bergen i 1992. Etableringa av *TV2* har skapt eit kompetent og ressurssterkt lokalt miljø når det gjeld den tekniske sida av fjernsynsproduksjon. Bergen har også lagt til rette for film- og TV-produksjon i byen sidan slutten av 1980-talet. Opprettinga av *Bergens Mediaby*, *Vestnorsk filmsenter* og filmfondet *Fuzz* er eksemplar på dette. Denne satsinga har medverka til at Bergen i 2005 hadde ei film- og TV-næring med eigenproduksjon av dokumentarfilm, kortfilm og reklamefilm.

Kunnskapsbaserte næringar (IKT m.m)

Kunnskapsbaserte næringar har vore i sterkt vekst dei siste tiåra. Denne bransjen forvaltar tre faktorar som er sentral i all næringsvekst: kapital, kompetanse og kreativitet. I dagens informasjonssamfunn er kompetanse og kreativitet svært viktige produksjonsfaktorar. Ny kunnskap har blant anna skapt nye næringar som informasjonsteknologi og bioteknologi.

I Vestland har vi nokre viktige miljø for bedriftsretta forsking og utviklingsarbeid (FoU). I Bergen finn ein mellom anna eit sterkt forskingsmiljø knytt til IKT, bioteknologi, klimaforsking og marin verksemd. I dei nordlege delane i fylket er det *Hydro* som har metallurgisk forsking knytt til aluminiumsverket i Årdal.

IKT er ein bransje som blir stadig viktigare med omsyn til den aukande digitaliseringa av samfunnet. Tal frå einingsregisteret viser at det i dag er 829 bedrifter i Vestland som tilbyr tenester knytt til informasjonsteknologi.

Anna tenesteyting (advokat, veterinær, revisjon, arkitekt og fotograf)

Den tenesteytande næringa omfattar ei knippe næringar som har vore i sterkt vekst dei siste førti åra. Særleg har forretningsmessig tenesteyting hatt ein betydeleg vekst. Denne bransjen omfattar konsulent- og rådgjevingsfirma av mange slag, arkitektar, rekneskapskontor, vikarbyrå etc. Bedrifter kjøper gjerne inn ei rekke tenester. Det kan vere hjelp til marknadsføring, juridisk tenesteyting og andre konsulenttenester. Bergen har ein betydeleg tenesteytande næring retta mot den maritime næringa, beståande av skipsmeklarar, skipstekniske konsulentbedrifter og shippingadvokatar. I høve til talet på tilsette i dei tenesteytande næringane, ligg Bergen på landsgjennomsnittet. Derimot er talet på tilsette i denne næringa lågare for resten av fylket sett opp i mot landsgjennomsnittet.

I følgje *Norsk Næringsliv* var det 43 fotografer- og fotoartiklar, 101 advokatar og sakførarar, 3 veteranærar, 80 revisorar og 66 arkitektar i fylket på begynninga av 1950-talet. Dei fleste advokatane og sakførarane, revisorane og arkitektane var frå Bergen. I Sogn og Fjordane var det 25 fotografer- og fotoartiklar, 13 advokatar og sakførarar, 3 veteranærar, 1 revisor og ingen arkitektar. Per i dag er det registeret 395 fotografer, 148 veteranærtenester, 240 firma som tilbyr juridisk tenesteyting, 252 revisor-, rekneskap- og skatterådgivningsfirma og 131 arkitektar i Vestland.

Politikk og fagrørsbla

Politikk

Dei første politiske partia var etablerte på slutten av 1800-talet. Partia var nasjonsbyggande og hadde klare geografiske tyngdepunkt. Medan kysten var meir konservativ og gjerne stemte på det nyetablerte partiet *Høgre*, gjorde det meir liberale partiet *Venstre* det godt i fjordbygdene. *Arbeidarpartiet* var representert i fylket i form av nokre lokale arbeidarlag. Arbeidarrørsbla fekk størst oppslutning i Midtre og Indre Sogn og i industrikkommunane Laksevåg, Haus (med Arna) og Bruvik (med Dale og Vaksdal).

Utover 1900-talet kom det til fleire politiske parti som fekk gjennomslag for sine saker i Vestland. Blant dei var *Bondepartiet* (seinare Senterpartiet) som hadde god oppslutning i gamle Sogn og Fjordane, *Norges Kommunistiske Parti* som gjorde det godt i dei nye industritettstadane i fylket, og *Kristeleg Folkeparti* som vart skipa i Bergen i 1933 som ein reaksjon på kristelege krinsar si misnøye med *Venstre*. Partiet tok mange av *Venstre* sine veljarar i kystkommunane. *Venstre* sine medlem vart splitta i synet på eit EF-medlemskap i 1972. Det førte til at også *Høgre* klarte å ta veljarar frå *Venstre* sine kjerneområde ved

Stortingsvalet i 1977. I 1994 var det ei ny folkerøysting om eit medlemskap i EU. Nei- sida vann også denne gongen med 52,2 prosent av stemmene i Vestland. I Bergen var det ja-sida som vann med 51,1 prosent av stemmene.

Anders Lange Parti (seinare Framstegspartiet) og *Sosialistisk Venstreparti* vart begge danna på 1970-talet og har fått god oppslutning i fylket. Dei siste tiåra har fleire parti, særleg *Arbeidarpartiet*, *Venstre*, *Høgre* og *Kristeleg Folkeparti*, opplevd ein nedgang i organiseringa av lokallag i Vestland. Samtidig har det blitt stifta nye lokale og nasjonale protestparti. I Bergen har spørsmålet om bybanen skal ha en trasé over Bryggen eller ikkje skapt mykje konflikt i byen. Det politiske partiet *Bergenslisten* vart stifta i 2022 som eit resultat av bybanekonflikten. Partiet fekk 5,0 prosent av stemmene ved kommunevalet i 2023.

Fagrørsla

Den organiserte fagrørsla og fagforeiningane på Vestlandet voks fram som ein del av ein todelt industrikultur, knytt til dei einsidige industristadene på den eine sida og til den lokalt baserte småindustrien på den andre. Arbeidarane ved dei einsidige industristadene kom som klassefellane frå byane frå starten til å knytte seg til den organiserte nasjonale fagrørsla. Der industrien voks fram med lokale føresetnader som utgangspunkt, har arbeidarane hatt andre og meir spesifikke lokale og regionale inntak som har prega dei. Dei første fagforeiningane på Vestlandet vart oppretta i Bergen etter Sophus Pihl sitt initiativ i 1880-åra. Desse vart gjeven opp etter få år. Samstundes vart det etablert to bransjeorganisasjonar i Bergen, *Bergens Håndværkerforening* og *Bergens Håndværker- og industriforening*. Ved industristadene i Ålvik, Odda, Årdal, Sunndal og på Husnes fekk klubbar og fagforeiningar ei dominerande stilling. Den første reine fagforeininga i gamle Sogn og Fjordane vart stifta i 1908 ved *Vadheim Elektrochemiske Fabrikker*. I Sunnhordland vart lokale forhold og tilknytinga til fagrørsla brotne mot kvarandre gjennom heile 1900-talet. Ein arbeidarkultur forstått som ein tilslutning til arbeidarrørsla sine ideal fanst berre på Litlabø på Stord. Det vart også etablert fagforeiningar for lærarar, kontorarbeidarar og andre slike yrke utover 1900-talet.

Fagforeiningane gjekk etter kvar saman for å danne større foreiningar. I dag er dei fleste fagforeiningar medlem av eit landsdekkande fagforbund. *Landsorganisasjonen* (LO), *Yrkesorganasjonenes Sentralforbund* (YS) og *Unio* er det tre største fag forbunda.

Natur- og miljøvern

Frå 1950-åra vart det stadig tydelegare at folkevekst og ei rask teknisk utvikling resulterte i eit press på naturen og naturressursane. Det dukka difor opp fleire rørsler og organisasjonar som arbeida med natur- og miljøvern i denne perioden. Mange av desse organisasjonane var saksorientert og vart nedlagt etter ein periode. Per i dag er det registrert 198 organisasjonar under denne kategorien i Vestland.

På 2000-talet har engasjementet i spørsmålet om menneskeskapte klimaendringar blitt større. I Bergen har det blant anna blitt stifta nye foreiningar som forsøker å påverke folk og politikare til å gjere meir for klima. Døme på nokre slike organisasjonar i Bergen er *Besteforeldrenes klimaaksjon* og *Spire Bergen*. *Miljøpartiet Dei Grøne* er eit politisk parti som vart stifta i Noreg i 1988. Partiet ønsker å verne natur framfor vidare økonomisk vekst. Det har blitt skipa 23 lokale MDG-lag i Vestland sidan 1988.

Det er likevel ikkje alle som meiner at klimaendringane er menneskeskapte. I 2020 stifta Knut Amundsen *Folkebevegelsen mot Klimahysteriet* i Askøy kommune. Foreininga var mistriusk til at klimaendringane er menneskeskapte.

Tru- og livssyn

Lekmannsrørsla var ei av motrørslene som vokste fram på Vestlandet på 1800-talet. Rørsla stod for ei pietistisk trustolking av kristendommen, og misjonering var viktig for å spreie bodskapen til rørsla. Lekmannsrørsla fekk størst tilslutning i kystbygdene i fylket. I 1847 vart det oppretta misjonsforeiningar i Fjell, Askøy og Os. Fellesforeiningar for indremisjonen kom i 1870-åra. Ein fellesforeining for Nordhordland vart stifta i 1878, og i 1879 vart det skipa ein fellesforeining for Ytre Sogn. Fellesforeiningane var tilknytt Luther-stiftinga som stod i nært samband med statskyrkja. Likevel kom dei til å utfordre statskyrkja sin autoritet gjennom *Det Vestlandske Indremisjonsforbundet* som vart skipa i 1891. Kvinner var aktive deltagarar i misjonsarbeidet og var gjerne organiserte i eigne misjonsforeiningar. Det vart satsa særskild på ungdommen ved at rørsla skipa eigne ungdomslag. Misjonsforeiningane hadde eit breitt spekter med aktivitetar som både sytte for inntening og vart ein arena for å spreie bodskapen. Bedehusa var ein viktig møteplass for rørsla.

Det var ikkje berre lekmannsrørsla som etablerte seg i fylket på 1800-talet. Etter at dissenterlova kom i 1845, valde fleire dissenter samfunn å etablere sine eigne kyrkelyder i fylket. Både Metodistane, Lutherske frikyrkjedydar, Mormonarane og Romersk katolisisme oppretta eigne kyrkjedydar i Bergen.

Tilbakegangen i lekmannsrørsla skjedde gradvis og i ein ujamn takt ulike stadar i fylket. Misjonsforeiningane opplevde ein sterk tilbakegang etter 1945, men rørsla spela likevel ei viktig rolle i organisasjonssamfunnet fram til 1980. Parallelt med denne utviklinga, var det ein auke i talet på medlem i livssynsorganisasjonen *Det Human-etiske Forbund*. Organisasjonen fekk oppretta eit lokallag i Bergen i 1967, og seinare kom det til lokallag fleire stader i fylket. *Det Human-etiske Forbund* er i dag den største livssynsorganisasjonen i fylket.

Det har også blitt stifta nye tru- og livssynsorganisasjonar i fylket etter 1980. Til dømes buddhisme, hinduisme, bahai og Islam. Utviklinga dei siste tiåra har vore prega av ein større andel av befolkninga som korkje tilhørar ein religion eller eit trussamfunn. I 2020 svarte 47 prosent av befolkninga over 16 år at dei ikkje tilhørde ein religion eller eit trussamfunn. I perioden frå 2017 til 2020 var det registrert 104 tru- og livssynssamfunn i Vestland utanfor *Den Norske Kyrkje*. Dei fleste var ulike kristne trussamfunn og forskjellelege foreiningar knytt til Islam.

Ideelle og humanitære verksemder (Humanitære- og sosiale organisasjonar og fråhaldsrørsla)

Humanitære- og sosiale organisasjonar

Differensieringa av ideelle og humanitære verksemder tok til på begynninga av 1900-talet. I denne perioden fekk både blinde, døve og stumme oppretta sine eigne organisasjonar. *Vestlandske Blindeforbund* vart etablert i 1904 og dekte Sunnmøre, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Det vart også skipa sanitetsforeiningar, bondekvinnelag og husmorlag. Det store fleirtalet av desse foreiningane var dominerte av kvinner. Foreiningane var engasjert i kampen mot tuberkulose og samla inn pengar for å få bygd tuberkuloseheimar og aldersheimar. Det frivillige arbeidet gjorde at kvinner si rolle i det

frivillige organisasjonslivet nådde eit nytt nivå. Engasjementet gav opphav til at kvinnene fekk ei meir aktiv rolle i samfunnslivet i mellomkrigstida.

Talet på humanitære- og sosiale organisasjonar auka kraftig fram mot 1980-talet. Raudekrosslag, redningsforeiningar, helselag, bondekinnelag og lag for sjuke- og funksjonshemma opplevde den sterke veksten. Laga i den sistnemnte typen skil seg frå dei andre på fleire punkt. Føremåla var meir prega av interesseorganisering enn allmennytige formål og kvinnedominansen var svakare. To nyvinningar i denne perioden var pensjonistlag og velforeiningar. Pensjonistlaga ønska å betre velferd for dei eldre medan velforeiningane arbeidde for å trygge folk sine nærmiljø.

Det var fleire organisasjonar som sleit i motgang etter 1980. Både bondekinnelag, husmorlag og helselag sleit med eit nedgåande medlemstal og stadig færre organisasjonar. *Raudekrossen* er den einaste av dei tradisjonelle humanitære laga som har hatt ei positiv utvikling. Dei siste tiåra har det blitt oppretta sjølvhjelps- og støtteforeiningar for angstramma personar, pårørande til aldersdemente, funksjonshemma og foreldre til prematur- og dødfødde.

Fråhaldsrørla

Fråhaldsrørla oppstod som ein reaksjon på den liberale alkoholpolitikken i 1850-åra. Fråhaldsrørla kan deles inn i tre typer lag: totalfråhaldslag som ofte hadde tette band til indremisjonen, fråhaldslosjane som var ein del av IOGT- ordenen og fråhaldslag. Ein av dei første fråhaldsorganisasjonane i fylket vart stifta i 1861 i Bergen under namnet *Bergen Totalafholdsforening*. I 1879 danna ei utbrytargruppe *Bergen nye Totalafholdsforening*. Den eldre foreininga var open for alle uansett livssyn medan den nye foreininga berre ville akseptere medlemmer som vedkjende seg den lutherske religionen. Fråhaldsrørla vart meir politisert på 1880-talet.

I 1919 vann rørla folkeavrøystinga om forbod mot brennevin og heitvin i Noreg. Bergen skilde seg ut frå resten av fylket ved å stemme imot eit forbod. Den store oppslutninga om forbodet var eit uttrykk for styrken til lekmannsrørla og norskdomsrørla i denne perioden, som tok del i kampen mot alkohol med full styrke. Det vart også skipa fleire fråhaldslosjar og fråhaldsorganisasjonar for barn- og ungdom utover 1900-talet.

På 1960-talet endra dei historiske masserørla gradvis karakter og vart i aukande grad profesjonelle og forhandlande institusjonar nær knytte til det offentlege, der massemobilisering ikkje lengre spelte den same rolla som før. Medlemstalet og talet på lokallag gjekk difor tilbake. Tilbakegangen var særleg sterk innanfor fråhaldsrørla. Fråhaldsrørla utgjer i dag eit marginalt innslag i organisasjonslivet.

Mangfold- og inkludering

Vestland har blitt eit meir mangfaldig samfunn etter den andre verdskriga. Mellom anna har grupper som tidlegare var lite synlege i samfunnet blitt synleg. Homoaktivistar tok opp kampen mot stigmatiseringa i samfunn og arbeidde for å få anerkjent sine rettar. Desse aktivistane bana veg for ein rekke andre seksuelle minoritetar og kjønnsminoritetsgrupper, som bifile og transpersonar. Urfolk fekk etter kvart også fleire rettar. Dei siste femti åra har det kome til forskjelle geografiske nasjonale minoritetar i Vestland, som følgje av innvandring.

Innvandring, nasjonale minoritetar og urfolk

Innvandringa til Vestland byrja å auke på 1970-talet. Arbeidsinnvandring har gitt den største auken i talet på innvandrarar. Samtidig har det kome fleire flyktningar til fylket etter 1980. Pågangen av flyktningar har ofte gått i bølgjer. Den første bølgja kom ved overgangen til 1980-åra og bestod av flyktningar frå Vietnam, Chile og andre land i Latin-Amerika. På 1990-talet førte oppløysinga av Jugoslavia til ein rekke krigar på Balkan. Det resulterte i ein tilstrøyming av flyktningar frå Bosnia som fekk midlertidig opphold, som seinare vart gjort til permanent opphold. Borgarkrigen i Syria på 2010-talet sendte fleire syrarar på flukt i denne perioden. Den største pågangen av syriske flyktningar var i åra 2015 og 2016. Ytterlegare har Russland sin invasjon av Ukraina har gitt ein stor auke i flyktningar frå Ukraina etter 2022.

Innvandrarane som har kome til fylket har gjerne laga eigne innvandrarmiljø som fyller behovet for eit sosialt og kulturelt fellesskap for dei som høyrer til i dei respektive gruppene. Det har av den grunn blitt oppretta fleire innvandrarorganisasjonar. Organisasjonar har ulike formål som integrering og sosialt arbeid, men dei fleste har blitt etablert for å ta vare på og styrke etnisk og religiøs identitet og tilhøyrsel.

Det er også busett urfolk og andre minoritetar i fylket, både jødar, samar, kvener, skogfinnar, romani/tatarar og romfolk. Mange av dei er busette i Bergen. Døme på nokre organisasjonar for urfolk i Vestland er: *Bergen Sameforening, Skogfinneforening, Norske Kvener Vestland og Romanifolkets Kulturforening*.

Skeive

Begrepet «skeiv» blir i dag brukt som eit synonym for homofile, lesbiske og andre identitetar innanfor LHBT- spekteret.

Arbeidet for å betre haldningar og rettane til seksuelle minoritetar starta opp like etter den andre verdskrigen. Kim Friile frå Bergen var ei viktig skikkelse i homorørsla som vokste fram på 1950-talet. Vestland fekk sin første foreining for homofile i 1970 då Kenneth Brophy og andre homoaktivistar oppretta eit lokallag av *Det Norske Forbundet av 1948* i Bergen. *Forbundet av 1948* vart splitta på slutten av 1970-talet, og utbrytarane tok namnet *Den Homofile Bevegelsen*. Dei ulike fraksjonane i homorørsla vart samla igjen på 1990-talet i organisasjonen *Landsforeininga for lesbisk og homofil frigjering (LLH)*. Dette var forløparen for dagens *Landsforeining for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar*.

Det er i dag ulike organisasjonar for skeive i Vestland. Mellom anna *FRI Vestland, Skeiv Verden Vest* og *Skeiv Ungdom Nord-Vestland*. Det blir også arrangert Pride kvart år for å feire skeiv kjærleik og mangfald.

Idrett, fritid og kultur

Innføringa av 8-timars arbeidsdag i 1919 førte til meir fritid blant befolkninga som i større grad deltok i ulike fritidsaktivitetar. Arbeidarar fekk etter kvart også rett på årleg ferie. Arbeidarvernloven av 1936 fastsette rett til årleg ferie med full lønn i 9 dagar. Denne retten har blitt utvida fleire gonger sidan 1936. Ein avtalefesta arbeidsdag, meir ferie og ein betre økonomi har hatt stor betydning for framveksten av ulike fritidsaktivitetar og kulturelle tilbod.

Idrett og fritid

Dei reine idrettslagene kom først i byane for så å verte spreidde til tettstader og bygder. I områda langs kysten, der pietismen stod sterkt, var det lenge ein skepsis til idretten. Skyttarrørsla var først ute med å etablere sine eigne foreiningar rundt om i fylket. Skigåing

vart også organisert som ein idrett på slutten av 1800-talet. Utover 1900-talet kom det til nye idrettar i Vestland. I 1920-åra og i 1930-åra vart det blant anna etablert fotballag, handballag og friidrettslag fleire stader i fylket. I enkelte regionar kom ikkje idrettsrørsla i gang før etter den andre verdskriga.

Arbeidarrørsla forsøkte å skape ein motkultur til den borgarlege idretten. Ein landsomfattande organisasjon, *Arbeidernes Idrettsforbund*, vart arbeidsrørsla sitt svar på *Norges Landsforbund* som dei mente dreiv med elitedyrking og konkurransefiksering. Masseidrettsorienteringa var med på å gje kvinnene ei meir framskoten rolle innanfor arbeidsidretten enn i den «borgarlege» idretten. Til dømes vart det arrangert eigne kvinneklasser for langrenn i industristaden Høyanger. Det at kvinner konkurrerte i langrenn var ikkje vanleg før lenge etter den andre verdskriga.

Etter krigen vart all idrett samla i *Noregs Idrettsforbund*. Dermed minka også skiljet mellom by og land i idretten. Born og unge utgjorde også ein stadig meir dominante del av idrettsrørsla i løpet av 1960-talet. Nedgang i idrettslaga for vaksne kan bli sett i samanheng med framveksten av bedriftsidretten i denne perioden. Det vart også oppretta fleire friluftsorganisasjonar i fylket etter 1950, både speidarlag, turlag og 4H-foreiningar. Med utgangspunkt i tal frå Brønnøysundregisteret er det 1708 idrettsorganisasjonar i Vestland i dag.

Det har vore ein klar vekst innanfor fritidsorganisering i brei mening i etterkrigstida. Dei nye fritidslaga dekkjer eit vidt spekter av hobbyaktivitetar, alt frå motor- og MC-klubar til teaterlag, fotoklubb, riding, båtlag og turlag. Folkeakademia har også opplevd ein sterkt vekst etter krigen. Her har folk fått mogleik til å følgje ulike kurs eller föredrag om aktuelle tema. Ytterlegare har engasjementet for lokal historie og kultur auka sidan 1980-talet. Engasjementet for lokal historie og kultur har kome til uttrykk i veksten i kultur- og kulturvernforeiningar.

Kultur

Song- og musikk

Korpsa var først ute med å danne eigne foreiningar. Korpsa hadde ofte eit militært opphav. I Sandane vart det skipa eit musikkorps i 1892, som var ein avleggjar av bataljonkorpset på Eid. Det vart også skipa korps på industristadane i fylket. Dette var ein måte å binde arbeidarane til staden og fabrikken på. I Bergen voks det fram eit særeiga musikkfenomen på midten av 1800-talet, nemleg «buekorps». *Dræggens Buekorps* var eit av dei første buekorpsa som vart etablert i Bergen i 1856. Korpsa opplevde ei blømingstid i etterkrigstida og utvikla seg til å bli barne- og ungdomsklubar med eit breiare tilbod og eigne fritidssenter.

Musikkrørsla var både yrkes-, klasse- og kjønnsspesifikk. Skiljet var særleg tydeleg i songkora. I mellomkrigstida vart det skipa både arbeidarsonglag, ordinære songforeiningar og mannssongforeiningar. Til dømes vart *Bergen Arbeidersangerforbund* skipa i Bergen i 1935. Etter kvart var det ei rekke kor som stod tilslutta Arbeidssangerforbundet. Til dømes eit eget kor for handels- og kontororganiserte, eit eget kor for bakar- og konditorsveinane og «Bekledningsarbeiderenes Damekor».

Ved inngangen til 1900-talet vart det skipa fleire spelemannslag i Bergen som arbeidde for å ta vare på folkemusikken; både spelet, songen og dansen. Bygdeungdomslaga og norskdomslaga gjorde også mykje for å verna om og å halde oppe eldre kulturovringar. Dei første landskapappleikane som mållaget *Vestmannalaget* skipa i 1896, var avgjeraude i

ei tid då både bruken og kunnskapen om det eldste spelet var i ferd med å bli borte. Ole Bull og Edvard Grieg var to viktige støttespelarar i dette arbeidet. Olav Sande frå Leikanger spela ein viktig rolle med høve til innsamling av folketonar på 1900-talet. *Landslaget for Spelemenn* vart skipa i Bergen i 1923.

Ein nyvinning innanfor kulturlivet etter krigen var oppretting av festivalar og ulike kulturengasjement. Auka velstand og meir fritid blant ulike samfunnslag i befolkninga var essensielt for framveksten av eit større kulturtillbod. I Bergen vart musikk- og teaterfestivalen *Festspillene* arrangert for første gang i 1953. Festivalen vart raskt eit populært innslag i kulturlivet i byen. Det har sidan den gang blitt oppretta fleire festivalar og kulturengasjement, ikkje berre i Bergen, men i heile fylket. Nokon av dei mest kjente er: *Bergen Fest*, *Bergen Internasjonale Filmfestival (BIFF)*, *Fargespelene*, *Folkemusikkfestival i Førde* og *Vossajazz*.

I 1980 var det registrert 537 song- og musikklag i Hordaland. Dei fleste song- og musikkлага var kor og korps, men det var også nokon lag innanfor teater og dans. Talet på song- og musikklag auka til 938 lag i Hordaland i 1988. I Sogn og Fjordane var det registrert 330 lag i 1988, hovudsakeleg kor og korps. Song- og musikkлага har derimot opplevd ein tilbakegang sidan 1990-talet. Det gjelder særleg for skulekorpsa. Tilbakegangen skyldast først og fremst at kommunale musikk- og kulturskular i større grad har tatt over organiseringa av musikkaktivitet for barn.

Kunst

Den første kunstforeininga i fylket vart stift i Bergen i 1838 av den bergenske nasjonalromantiske kunstnaren J.C Dahl. Foreininga hadde 644 medlem i 2020. Alle kunstverka til foreininga vart overført til Bergen kommune i 1881 og innlemma i *Bergen Billedgalleri* (KODE). I følgje Brønnøysundregisteret er det 34 kunstforeiningar og 21 kunstlag i Vestland i dag.

Det er fleire kunstnarar som har lat seg inspirere av den vestlandske naturen. Ein av dei var Hans Dahl frå Granvin som måla nasjonalromantiske motiv på slutten av 1800-talet. Den mest kjente bildekunstnarar frå Vestland er Nikolai Astrup som levde frå 1880 til 1928. Astrup vart inspirert av heimbygda og måla hovudsakleg landskaps- og naturbilete frå Jølster.

Bergen har utvikla seg til å bli ein internasjonal samtidskunst by med aktørar som *B/T Teatergarasjen*, *Bergen Kunsthall* og *Bergen Assembly*. Det er også mange galleri atelierarar og studio i byen.

Litteratur

Det har blitt skapt mykje litteratur av forskjellelege forfattarar, lyrikarar og diktatar frå Vestland. Mange av dei skildrar ulike sider ved vestlandssamfunnet. Blant dei finn vi: Amalie Skram, Gro Holm, Jens Tvedt og Jakob Sande. I tillegg har ein Sigurd Kvåle frå Sogndal som var ein av dei fremste nynorsk novellistane i mellomkrigstida. Ein av dei fremste samtidsforfattarane frå vestlandet er Jon Fosse. Fosse har skrive romanar, dikt, barnelitteratur, essay og skodespel. I 2023 vann han Nobels Litteraturpris. Fosse skriv på nynorsk.

Det har blitt arrangert fleire litteraturfestivalar i fylket sidan 1980-talet. *Dei litterære festspela* i Bergen, *Bergen Internasjonale Litteraturfestival*, *Ulvik Poesifestival* og *bLest Litteraturfestival* på Tysnes er nokre av litteraturfestivalane i Vestland.

Målrorsla

Målreisinga i Noreg starta med arbeidet til Ivar Aasen på midten av 1800-talet og vart gradvis organisert i målrørsla.

Dei første som tok i bruk landsmålet til Ivar Aasen var ei gruppe målmenn frå handelsborgarskapet i Bergen. Henrik Krohn var ein av føregangsmennene for målsaka i Bergen. Allereie i 1850-åra samla han ein sirkel rundt seg som diskuterte denne tematikken. Likevel var det først i 1868 at Krohn og ei rekke andre målmenn stifta det første mållaget i fylket under namnet *Vestmannalaget*. Laget tok initiativ til å opprette nynorskebanken *Landsbanken* i Bergen i 1914 og forlaget *Norsk Bokreidingslag* i 1939. Laget er i dag landsdekkande og arbeider framleis for målsaka.

Målsaka spela etter kvart ei sentral rolle i striden mellom embetsmannen og bonden, og i striden mellom by og land. Sogn og Fjordane fekk sitt første mållag i 1899 då *Firda Mållag* vart skipa i Florø. På 1900-talet vart det skipa ei rekke lokale mållag innanfor *Firda Mållag* sitt distrikt, både i Oppstryn, Gloppen og Jølster, men også andre stadar i fylket. Det var lærarane som gjekk i brodden for målsaka og var initiativtakarar til oppretting av lokale mållag. Den frilyndte ungdomsrørsla var også opptatt av målsaka og arbeidde for å få jamstilt nynorsk i tale og skrift.

Oppslutninga om målrørsla vart svekka etter krigen og ein kan difor ikkje lengre snakke om ein masserørsle. Bygdene i Hordaland og Sogn og Fjordane held likevel fram med å vere bastionar for målsaka.

Institusjonar

Private aktørar har drive helse- og omsorgstilbod heilt sidan 1800-talet. Etter den andre verdskrigen tok staten i større grad over ansvaret for styring og finansiering av dette tilboden. På 1980-talet vart ei rekke tenester desentralisert og kommunen fekk eit større ansvar. Dei siste tretti åra har ei rekke kommunale tenester blitt sett ut til det private. Samtidig har det offentlege hatt ansvar for innhaldet og kvaliteten i tenestene, i tillegg til finansieringa.

Private institusjonar har altså blitt eit supplement til det offentlege tilboden. Det gjeld både for lege- og tannlegetenester, fysioterapeutar m.m. Eit godt eksempel på ein privat institusjon som samarbeider med det offentlege er Haraldsplass Diakonale Sjukehus i Bergen som tilbyr tenester på vegne av det offentlege.

Private aktørar i fylket tilbyr også undervisning på grunnskulenivå, vidaregåandenivå og høgskulenivå. Det fleste privatskulane er lokalisert i Bergen. *Danielsen* og *Montessoriskolen* tilbyr undervisning på grunnskule- og vidaregåandenivå medan *Sonans*, *Bergen Private Gymnas* og *Red Cross Nordic United World College* tilbyr vidaregåandeundervisning. *NLA Høgskulen* og *Handelshøgskulen BI* er to private høgskular i Bergen.